



## Foreldrevett

Engasjerte foreldre er veldig positivt, og ein viktig føresetnad for å drive barneidrett. Barn og ungdom set stor pris på at foreldre er til stades som støtte både på trening og kampar. For å førebyggje uønska oppførsel har vi sett opp nokre reglar, som vi oppfordrar foreldra til å følgje.

### *Møt fram til kamp*

- barna ønskjer det

### *Gi oppmuntring til alle spelarane under kampen*

- ikkje berre dine kjente

### *Oppmuntre i medgang og motgang. Rose innsats og når ungen meistrar noko.*

- ikkje gje kritikk

### *Respekter trenarens bruk av spelarane og hennar/hans instruksjonar.*

- ikkje forsøk å påverke han/ho under kampen eller instruer spelarane.

### *Dersom du ønskjer å ta opp noko med trenar/lagleiar, finn eit passande høve for dette*

- ikkje prat om nokon.

### *Stimuler og oppmuntre ditt barn til å delta*

- ikkje press

### *Spør ungen etter trening og kamp om han/hun hadde det gøy, lærte noko og om han/hun gjorde noko for å spille andre gode.*

- ikkje berre om resultat

### *Sørg for riktig og fornuftig utstyr*

- ikkje overdriv

### *Vis respekt for det arbeidet klubben gjer*

- vis initiativ når klubben ber deg om hjelp

### *Respekter avgjørelsene til dommer og arrangør, selv om du er uenig.*

- Unngå kjensleladd utbrot.

Husk, det viktigste er at barna har det gøy og trives!

